

---

**Fra:** Tony Vetaas  
**Sendt:** 19. november 2015 15:49  
**Til:** Kjetil Morken  
**Emne:** SV: Høring om tiltak i sjukefråværssarbeidet i Radøy kommune - sjukefråværssprosjekt (62782)

Hei.

Her kjem høyringsuttale frå samarbeidsgruppa mellom tillitsvalde for fagforbundet, utdanningsforbundet, verneombodet og leiar i Sæbø barnehage.

1. God og tidleg kontakt med sjukemelde.

Vi meiner vi klarer å halde god kontakt med våre sjukemelde sjølv om det kanskje ikkje er heilt klare prosedyrer og retningslinjer for korleis vi gjer det.

Etter mange år med krav frå NAV i høve møtepunkt har dette meir eller mindre vorte ein del av våre rutiner når vi har sjukemelde arbeidstakrar.

Vi trur det er viktig å involvere den sjukemelde i arbeidet i barnehagen ved å invitere denne på tilstelningar, aktiviteter og arrangement som skal foregå i barnehagen. Personalmøter og plandager.

Videre er det viktig at leiar og medarbeidarar tek initiativ til kontakt og lager seg avtalar, til dømes når den sjukemelde har vore til lege, utvida sjukemeldingen sin osv.

Den sjukemelde vert oppmoda om å komme på arbeidsplassen så ofte sjukdommen tillet dette. Arbeidet med å få redusert legemeldt sjukefråver til fordel for eigenmeldingar ser vi på som særskilt viktig men samtidig trur vi at legenes handtering av dette er det viktigaste tiltaket for å få folk til å nytte eigenmeldingar ved kortare sjukdom eller skade.

2. Gradert sjukemelding er vanskeleg dersom det er eit krav om å jobbe reduserte dager. Då vert det vanskeleg å få erstatta den sjukemelde når denne er ferdig med arbeidsøkta. Vi ser at det ofte vert nyttar ei ordning der den sjukemelde må jobbe full dag mot å vera heilt sjukmeld til dømes neste dag. Dette er kanskje ikke alltid det beste for den sjukemelde men er vanskeleg å få til på andre måtar. Ordninga med aktiv sjukemelding som vi tidlegare hadde ser vi på som ei meget god ordning for å få sjukemelde tilbake i arbeid. Då får dei prøve seg utan at det går ut over arbeidsplassen og det vil vera lettare for den sjukemelde å stille på jobb og for arbeidsplassen og tilrettelegge. Samtidig vil ein og få oversikt over restarbeidsevne.

3. Vi trur at vi er nødt til å ha tettare samarbeid med NAV og spesielt med legane i høve sjukemelde. Dette har med forståelse av situasjonen, både til den sjukemelde og til arbeidsplassen, og krava til arbeidsatakar å gjera.

Det vil kanskje då vera lettare for legene å rettleia pasienten til kva arbeidsoppgåver denne kan gjera ved å vera på jobb.

Vi er ikkje sikker på om det vil ha innverknad på sjukefråveret men det kan nok ha innverknad på den sjukemelde si kontakt med arbeidsplassen.

4. Vi meiner tydelege krav, forventningar og reglar der alle tilsette får informasjon om både rettar og pliktar og konsekvensar, kan vera ein god plass å starte. Det handlar om å bygge gode haldningar og ei påminning og presisering om kva rettar og pliktar som gjeld for alle tilsette kan virke forebyggande. Dette bør komma frå sentralt hald og ikkje vera op til kvar enkelt eining. Einingane bør jobba med yrkestolthet og motivasjon.

5. Vi meiner at kontakten mellom sjukemeld og arbeidsgjevar må skje gjennom leiar. Som sjukemeld vil ein som regel ha kontakt med folk ein kjenner frå før og som kjenner arbeidssituasjonen den sjukemelde er sjukemeld frå. Vi ser at ein prosjektstilling kanskje kunne fungert som ei koordinering i høve oppfølging av sjukemelde men neppe vil ha noko funksjon for om den sjukemelde kjem raskare att i arbeid eller for kontakten med arbeidsplassen.

For Sæbø barnehage

Tony Vetaas

---

**Fra:** Kjetil Morken

**Sendt:** 29. oktober 2015 13:28

**Til:** RA-Leiarar; Ane Johanne Hågensen; Anne Marie Horpestad Stang; Elisabeth Inger Bygstad; Else Soltveit; Geir Olav Privat; Geir Olav Repål; Ingmund Kvinge; Jarle Landås; Jo Tømmerbakke; Johan Sandal; Kjartan Medaas; Kjersti Risa Marøy; Kjetil Morken; Lisbeth Alvær; Mariann Marøy Rath; Mariann Marøy Rath privat ([farath@online.no](mailto:farath@online.no)); [post@Radøy.utdanningsforbundet.no](mailto:post@Radøy.utdanningsforbundet.no); Øystein Sande; Øystein Sande Privat

**Emne:** Høring om tiltak i sjukefråværarsarbeidet i Radøy kommune - sjukefråværsprosjekt (62782)

Leiarar og tillitsvalde i Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1569 - 15/12817

Saksbehandlar:

Kjetil Morken

[kjetil.morken@radoy.kommune.no](mailto:kjetil.morken@radoy.kommune.no)

Dato:

29.10.2015

## Høring om tiltak i sjukefråværarsarbeidet i Radøy kommune - sjukefråværsprosjekt til AMU

### Mandat

Rådmannen har sett ned ei gruppe som skal sjå på moglege tiltak for å redusere sjukefråvær og få til ein god oppfølging av sjukmelde slik at færre blir langtidssjukmelde og fleire kjem raskare attende i arbeid.

### Arbeidsgruppa

Gruppa er leia av kommuneoverlege Grethe Fosse og består vidare av personalsjef Kjetil Morken hovudverneombod Torill Helland og HTV Fag forbundet Else Soltveit.

### Om arbeidet i gruppa:

Gruppa har arbeidd fram til eit sett tiltak og strategiar som kan verke på kort og lang sikt. Det vert lagt opp til samarbeid med andre partar, og sak blir lagt fram til AMU i november der ev uttale frå leiarar og tillitsvalde og andre blir lagt ved saka.

No er arbeidet kome slik at ei sak til AMU blir førebudd. I den samanheng treng med **uttale og innspel frå leiarar og tillitsvalde i saka.**

Me er interessert i synspunkt frå de som kjenner drifta i kvarldagen best. Me treng:

- gode idear
- innspel på tiltak me har oversett
- innvendingar og problemstillingar me ikkje har tenkt på som gjer at foreslalte tiltak ikkje vil ha tiltenkt effekt eller er gjennomførbare.

Gruppa har hatt to møter og vurdert fleire tiltak og har diskutert å gjere framlegg om å satse på eit eller fleire av tiltaka som blir nemnt nedanfor.

Me vil difor be leiarar og tillitsvalde vurdere og kommentere følgjande tiltak:

### **1. God og tidleg kontakt med sjukmelde**

Korleis få til dialog og opplegg som gjer kontakt med arbeidsplassen god, hyppig og tidleg i sjukmeldingsforløpet.?

Gruppa ser for seg eit tydeleg og standardisert opplegg for korleis kontakt mellom leiar og den sjukmelle skal skje.

Vil standardisering (som ofte fører til krav om dokumentasjon) føre til betre og tidlegare kontakt sjukmeldt og leiar.?

### **Rutinar ved fråværsmeldingar eigenmelding og sjukmelding**

Gruppa ser på det som viktig å få til gode og like rutinar på oppfølging og melding av fråvære ved både sjukmelding og eigenmelding. Må få til rutinar som gjer det like attraktivt å bruke eigenmelding som sjukmelding.

Rådmannen har gjeve oppdrag til personalsjef å utarbeide nye og presise rutinar for denne oppfølginga. Innspel i uttalene vil være nyttig i forhold til å utarbeide ei slik rutine.

### **2. Korleis få til aktivitet og gode ordningar med gradert sjukmelding og god drift.?**

Det er ofte utfordrande å få til gode ordningar som ivaretak ønskje om aktivitet i deler av stillinga (gradert sjukmelding) og hensynet til god drift, få tak i vikar og halde kontroll på vikarbudsjett .

Har leiarar og tillitsvalde idear om gode løysingar ? I så fall kom med dei?

### **3. Kan vi få til betre dialog mellom NAV, sjukemeldar og arbeidsgjevar som reduserer sjukefråværet?**

Gruppa ser på moglegheit til å få til eit forum møteplass mellom NAV, sjukmeldar og arbeidsgjevar som kan vi få til god dialog om ev endra praksis. Det er avklara at legar og NAV er interessert i å være med i ein dialog om praksis kring sjukmelding og kontakt med arbeidsgjevar.

### **Høringsspørsmål**

Vil ein slik møteplass ha innverknad på sjukefråveret? T.d. for dialog arbeidstakar og leiar og arbeidstakar og sjukmeldar ?

#### **4. Brukarfokus / tenestefokus**

Gruppa har diskutert og hatt som tanke at fokus på oppgåver, tenestemottakar osb. kan være med å flytte fokus frå eigen arbeidssituasjon over på tenestemottakar sin oppleveling av å motta tenestene. Ein tenkar at dette kan betre motivasjon og verdsetjinga av arbeidet.

Vil ei slikt fokus ha positiv verknad på sjukefråvær?

Korleis få til ein metode som styrkar denne tenkinga og får fram bodskapen på ein god måte?

#### **5. Oppfølging av sjukmelde frå arbeidsgjevarsida. – prosjektstilling ?**

Skal deler av denne oppgåva bli dedikert til ein person som får dette som eit spesialfelt og samarbeider med leiar om tidleg oppfølging, inngrisen, og tilrettelegging.

Gruppa tenker ein prosjektstilling- delstilling med for eksempel 6 -9 mnd virketidspunkt. Kan kombinerast med andre stillingar. Rekruttering til stillinga / oppgåva gjennom intern utlysing.

Vil det betre oppfølginga av sjukmelde at ein person følgjer opp alle langtidssjukmelde ?

Vil dette føre til kortare sjukefråvær?

Merknader?

Gruppa ber om innspel og uttale på ovannemnde problemstillinga . Dine merknader og innvendingar er viktige rettesnorer for arbeidet.

Har du gode innspel og idear tar me også mot dette.

**FRIST: 18.11 2015**

**Send uttale på epost: [kjetil.morken@radøy.kommune.no](mailto:kjetil.morken@radøy.kommune.no)**

Saka skal opp i AMU 24/11. Me tenker å legge ved alle innspela, og har siste møte før AMU 19/11. Då blir innspela gjennomgått.

Med helsing

Kjetil Morken  
personalsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

**Mottakarar:**

leiarar og tillitsvalde i Radøy  
kommune